


## Saksliste


### Kommunalsjefgruppa - helse og omsorg

**Møte:** Møte 4-2019 i kommunalsjefgruppa HO, saksliste 6.september  
**Dato/tid:** 6.september kl. 09:00 – 14:30  
**Stad:** Møterom Regionrådet  
**Til stades:** Monika Kvamme, Leni Dale, Ove Sæbø, Grete Herøy, Nina Kvamme, Helge Kvam, Nils Moldøen, Malin Daa Stene og Anne Hildegunn Færøy  
**Ikkje møtt:** Ingebjørg Søreide  
**Møteleiar:** Ove Sæbø  
**Referent:** Anne Hildegunn Færøy

#### Saksliste:

Saksnr	Saker	Vedlegg
	<b>Administrativ nemnd for legevakta - AVLYST</b>	
20/19	<p><b>Val av leiar og nestleiar</b> Ny leiar for kommunalsjefgruppa er Ove Sæbø, Modalen. Ove representerer kommunalsjefgruppa i to ulike samarbeidsfora/-prosjekt og må vurera om han skal halda fram i desse gruppene når han tar på seg leiarvervet for Kommunalsjefgruppa;</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosjektgruppa til <i>Vestlandsprosjektet- saman om velferdsteknologi</i>. Ove held fram i denne gruppa.</li> <li>• Arbeidsutvalet for <i>KS-nettverket, helse</i>. Ove melder frå til Astrid Toft om at han trer ut av komiteen, og at ein ila oktober vil prøva å få utpeika ny representant frå NH.</li> </ul> <p>Nestleiar: Det vart ikkje valgt nestleiar. Leiar og nestleiar vert vald for 2 år.</p>	
21/19	<p><b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b> Innkalling og saksliste godkjent utan merknader</p>	
22/19	<p><b>Godkjenning av referat frå møte 3 – 2019, 20.mai</b> Referat godkjent utan merknader</p>	
23/19	<p><b>Status for FACT Nordhordland</b> Leni Dale gav ei kort statusmelding for prosjektet, som vedlagt i referat.</p> <p>Det er p.t. om lag 50 brukarar av tenesta FACT-team. Hovudtyngda av desse er pasientar som tidlegare fekk tenester gjennom psykoseteamet. Kommunalsjefgruppa etterspør ei oversikt over korleis brukarane er fordelt mellom kommunane. Vidare vart det stilt spørsmål ved om det er krav om henvisning frå fastlege eller andre innan helse tenesta – t.d. psykisk helseteneste . Per i dag er det krav til henvisning frå lege eller psykolog. Som ein del av evalueringa vert det arbeidd med at inntak til teamet vert vurdert direkte av ressurspersonar i teamet, det vert arbeidd med å få til betre dialog og samordning rundt behandlingstilbodet til denne pasient-/brukargruppa.</p>	 Statusmelding FAC Nordhordland_6.se

	<p>Dette er eit krevjande arbeid med menneske med store hjelpebehov. Tiltaket har vore i drift sidan mars, og det er vanskeleg å vurdere/evaluering av kva grad ein når måla for arbeidet. Det tar tid å etablere nye tenester, og særleg når det i tillegg skal på plass ei samordning med spesialisthelsetenesta.</p> <p><b>Vedtak:</b> Kommunalsjefgruppa tar orienteringa til vitande</p>	
	<p><b>Kl. 10:00 – 11:30</b> <b>Styringsgruppa for psykologprosjektet</b> Referat frå denne delen av møte vert sendt frå sekretær for prosjektet</p>	
24/19	<p><b>Orientering om status for Helsehuset og oppstart av arbeid med Fag- og tenesteutvikling</b> <u>Status byggeriet:</u> Anne Hildegunn Færøy gav ei kort statusoppdatering for byggjearbeidet. Arbeidet går etter planen, huset veks og skal etter planen overleverast byggherre november 2020, og skal etter plane vere innflyttingsklart i januar 2021.</p> <p><u>Fag – og tenesteutvikling:</u> Kommunalsjefgruppa er positiv til oppstart av arbeid med fag- og tenesteutvikling i og rundt Helsehuset, og at det vert sett ned ei arbeidsgruppe som får i oppdrag å utarbeida forslag til ein overordna plan for utgangspunkt i overordna formål med Helsehusprosjektet.</p> <p>Kommunalsjefgruppa støttar forslaget til organisering og at Samarbeidsutvalet for Nordhordland, supplert med representant frå Fylkestannlegen og frå oppvekstsektoren i kommunane vert styringsgruppe med overordna ansvar for planlegging og gjennomføring.</p> <p>Vidare støttar gruppa at det vert sett ned ei prosjektgruppe, samansett av repr.frå kommunar, fylkestannlege, Haraldsplass og Helse Bergen som får i oppdrag å utarbeida forslag til ein overordna plan for samarbeid om fag- og tenesteutvikling.</p> <p>Desse er til no utpeika frå kommunalt hald:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Solveig Elvik, rådgjevar Oppvekst - Lindås/Alver</li> <li>- Bodil Brekkan, skulefagleg ansvarleg – Austrheim (utpeika av Nettverk for Oppvekst/Kursregion NH )</li> <li>- Helge Kvam, rådgjevar helse/omsorg – Meland/Alver</li> </ul> <p>Det må utpeikast ein representant frå helse og omsorgssektoren i samarbeidskommunane. Dette vert spela inn som sak til Fellesmøte 20.september.</p> <p>Kommunalsjefgruppa ser behov for at det vert oppretta ei eiga nettsider for helsehuset der mellom anna tenestene i bygget vert presentert, og ber om at dette vert spela inn til arbeidsgruppa for Fag og tenesteutvikling.</p>	
25/19	<p><b>Krav om ergoterapeut i kommunane frå 2020</b> Frå 01.01.2020 er det eit krav at kommunane skal ha tenesta ergoterapi Alle kommunane i NH, utanom Fedje og Modalen har tilsett ergoterapeut. Fedje og Modalen vil vurdere om tenesta kan kjøpast frå ein av nabokommunane eller prøve å rekruttere ledige ressursar i andre kommunar.</p> <p>Kommunane har ikkje hatt problem med å rekruttere ergoterapeutar, men opplever at det kan vera utfordrande å få ergoterapeutar til å gå i turnus og bli ein del av eit tverrfagleg team t.d. knytt til rehabilitering og habilitering.</p>	
26/19	<p><b>Gjennomgang/drøfting av saker som skal til handsaming i SU NH</b> Gruppa hadde ein gjennomgang av sakene som skal til handsaming i Samarbeidsutvalet for Nordhordland 20.september.</p>	

27/19	<p><b>Fellesmøte 20.september - innspel/forslag til tema/saker:</b>          Kommunalsjefgruppa ønskjer å melde inn tema til drøfting; <u>Samarbeid ved utskriving av pasientar innan psykisk helsevern</u> i fellesmøte. Kommunar opplever at pasientar innan psykisk helsevern vert utskriven frå sjukehus utan at <u>Samarbeidsavtale 3-5, psykisk helse og rus</u> vert fylgt slik det er semje om.</p>	
28/19	<p><b>Helsenæring i Alver og etablering av fagskuletilbod Velferdsteknologi</b>          Tanja Elisabeth Hoel, Leiar for næring og utvikling i Lindås/Alver kommune orienterte om etablering av prosjekt Helsenæring i Alver kommune – ein tverrfagleg samhandlingsarena for dialog og tenesteutvikling, mellom offentleg sektor og næringslivet.          Samarbeidskommunar og helseføretak er invitert med i ekstern referansegruppe for prosjektet. Presentasjonen er vedlagt.  <b>Vedtak:</b>          Kommunalsjefgruppa takkar for god informasjon om prosjektet</p>	 Helsenæring i Alver kommune 06_09_19
29/19	<p><b>Meldingssaker / eventuelt</b></p> <p><b>1. Utkantkonferansen 2020:</b>          Gruppa vart orientert om at arbeid med Utkantkonferanse 2020 er i startgropa. NUI saman med Rolf Tande har tatt initiativet, og ber om innspel til tema, program, innleiarar og modell for gjennomføring. Tilbakemeldinga etter sist Utkantkonferanse er at kommunar, helseføretak og andre samarbeidspartar synes det er nyttig å møtas på denne måten.          Tema på første Utkantkonferanse var Legevakt, beredskap og rekruttering av legar. På andre konferansen var det Barn og ungdom – psykisk helse.          Forslag til tema for neste års Utkantkonferanse er; Psykisk helse hos eldre, Unge demente, demensomsorg.</p> <p>Kommunalsjefgruppa kom med forslag til tematikk for konferansen; <b>Leve Heile Livet</b>, og at dei 5 innsatsområda i Stortingsmeldinga kan danna grunnlag for rammene i neste års konferanse.          Det må setjast ned ei arbeidsgruppe som får i oppdrag å utarbeide forslag til program med forslag til innleiarar, samt modell for gjennomføring.          Kommunane vert oppmoda om å utpeika ressurs som kan delta i arbeidsgruppa.</p> <p><b>2. Vestlandsprosjektet- saman om velferdsteknologi – statusmelding frå prosjektgruppa:</b>          Ove Sæbø gav ei kort orientering; Gruppa har møte om lag x 1 pr. mnd.          Referat frå møta vert sendt til alle kommunane</p> <p>Det vart vist til referat frå sist møte og spørsmål om styringsgruppemøta framleis skal leggst til kommunalsjefgruppa sine møter, også etter at nye kommunar er tatt med i prosjektet og styringsgruppa har fått endra samansetting.          Prosjektleiar tilrår at styringsgruppa sine møter framleis gjennomført same dag som møter for Kommunalsjefgruppa . Dette er gruppa samd i.</p> <p>DPIA(Data Protection Impact Assessment) – vurdering av personvernkonsekvensar når det gjeld bruk av Velferdsteknologi. Det er utarbeidd ein mal for dette. Det er vedtatt at det skal setjast ned ei arbeidsgruppe for å få på plass ein lokal mal/rettleiar for personvernkonsekvensutgreiing.</p> <p>Ressursgruppa for prosjektet nyttar i dag Facebook som ein felles kommunikasjonskanal. Det er ønske om å nytta ein anna plattform til dette. Det er stilt spørsmål om t.d. Teams kan nyttast. Sidan ikkje alle kommunane har tatt dette i bruk er tilrådinga frå kommunalsjefgruppa at ein ventar med å ta dette i bruk.</p>	

**Neste møte i Styringsgruppa er 23.oktober.** Prosjektleiari ber om innspel til tema/saker som skal på agenda.

Forslag frå kommunalsjefgruppa:

- Statusmelding for prosjektet
- Standard for referatføringa i prosjektleiar møte? Drøftingar omkring kor omfattande referatføringa skal vere ettersom ref. kjem på postlistene i kommunane.

Prosjektleiar, Kari Bjørkheim har stilt spørsmål om det er aktuelt for kommunalsjefgruppa å styrka gruppa sin representasjon i prosjektgruppa, slik at det vert to representantar:

- Kommunalsjefgruppa er samde om at en fortset med ein repr inn i prosjektet. Ove Sæbø held fram som kommunalsjefgruppa sin representant, og ber om at dette vert meldt tilbake til prosjektleiar.

Ove viste til at NH-nettverket er invitert til å ta del på konferanse i Sofia/Bulgaria i november. Det har vore ein mailrunde for å høyra om nokon frå NH-kommunane kan delta der. 3 personar frå kommunane i Nordhordland reiser på konferansen.

### **3. Randkommune prosjektet – oppfølging sak 18/19**

- **gjeld kommunane;** Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Osterøy

Nils Moldøyen viste til sak i Randkommuneprosjektet der utfordringar knytt til framtidig rekruttering av fastlegar til randkommunane har vore drøfta. Det har også vore diskutert om kommunane bør sjå på muligheter for å ha ei felles ordning med kommuneoverlege. Moldøyen viste til at det er ønske om å starta eit felles prosjekt der ein ser på muligheter for å;

- Skapa eit nytt, og meir attraktivt legemiljø for å bidra til rekruttering av nye fastlegar i kommunane
- Sjå på muligheter for samarbeid med ALIS Vest
- Vurdere felles kommuneoverlegefunksjon

Kommunalsjefane i Randkommunane ber NUI saman med aktuelle kommunalsjefar utarbeida eit saksnotat for å vurdere oppstart av prosjekt; *Rekruttering av fastlegar og samarbeid om kommuneoverlegefunksjonen i randkommunane*, og at dette vert lagt fram for Randkommuneprosjektets styringsgruppe